

Referat frå styremøte nr. 3-2025

Dato: 30.04.25

Tid: 10.00-12.00

Stad: Samfunnshuset i Volda og Teams

--

Til stades frå styret:

Fysisk til stades:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Deltok via Teams:

Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

3. varamedlem Tove Halse Digernes ((varaordfører i Ørsta kommune)

Forfall:

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Andre:

Oddvar Marøy, samhandlingskoordinator for Søre Sunnmøre

Referent:

Sverre Øvrelid Steen

Sak 20/25: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn.

Molvær gav uttrykk for at ho meinte ein ikkje burde lagt styremøte til ein stad og ei tid som kolliderte med The North West.

Dagleg leiar meldte inn endringar i møteplan.

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 21/25: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 2-25

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Referatet frå styremøte nr. 2-25 vert godkjend.

Sak 22/25: Årsmelding og rekneskap 2024

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Sunnmøre regionråd hadde i 2024 eit netto driftsresultat på kr. -174.124,86. Det er tredje året på rad med meirforbruk. Sjølv om dette ikkje har kome som ei overrasking, så er det viktig å sjå etter moglege postar ein kan spare på.

Det vart diskutert om det er potensiale for å kommunisere innhaldet i årsmeldinga meir visuelt og om ein bør rette seg mot publikum generelt gjennom ein annan versjon i eigne kanalar.

Vedtak: Styret godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2024. Årsmeldinga og rekneskapen vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

Sak 23/25: Status for arbeidet med omdanning av Sunnmøre regionråd

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Det vart gjorde greie for dialogen som har vore med Ålesund kommune, som førespegla kontorkommune, og for prosessen generelt fram mot nytt vedtak i representantskapet.

Det vart ytra bekymring knytt til regionrådet sitt omdømme gitt at alle kommunestyra allereie har behandla saka, og no eventuelt må treffe nye vedtak. Korleis regionrådet skal skape legitimitet for prosessen vart diskutert.

Krogsæter viste til §10 i selskapsavtalen, som regulerer utmelding, og etterlyste formulering knytt til forpliktingar og ikkje berre eigenkapital.

Kommuneadvokaten i Ålesund har forslag til ny samarbeidsavtale inne til kvalitetssikring og det var semje om at det må holdast eit eige møte i styret før møtet i representantskapet, for å kunne levere ei innstilling (sjå eventuelt).

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 24/25: Arbeidet med ny strategi for Sunnmøre regionråd – ny framdriftsplan

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar gjorde greie for arbeidet med strategien, og korleis representantskapet ved leiar og nestleiar kan involverast meir i utviklinga, som òg går fram av revidert framdriftsplan.

Vedtak: Styret vedtek den reviderte framdriftsplanen, som går fram av saksunderlaget.

Sak 25/25: Uttale frå Sunnmøre Regionråd med bekymring for tilbodet om spesialisthelsetenester på Sunnmøre

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Arbeidet som er gjort med uttalen, basert på det utkastet som låg til grunn, vart rosa.

Dimmen ønskte at effektivitet ved Volda sjukehus òg vert trekt fram, noko styret slutta seg til.

Administrasjonen vart vidare bede om å avgjere korleis saka takast ut i media i samband med talspersonar og andre interessenter.

Vedtak: Styret vedtek uttalen frå Sunnmøre Regionråd med bekymring for tilbodet om spesialisthelsetenester på Sunnmøre, med endring som diskutert i møtet.

Sak 26/25: Orientering om Helsefellesskap Møre og Romsdal generelt og drøfting av partnerskapsmøtet den 7. mai spesielt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Samhandlingskoordinator Oddvar Marøy på Søre Sunnmøre orienterte om Helsefellesskapet, om formålet med partnerskapsmøtet og kort om organiseringa generelt. Han fortalte vidare om kva andre saker som har vorte diskutert i Helsefellesskapet.

Behovet for å førebu seg og samordne seg politisk og administrativt før møter som partnerskapsmøtet vart understreka, og Lykkebø Strand fekk ros for å ville ha leiarvervet i partnerskapsmøtet.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 27/25: Deltaking på Bli med hit Oslo 2025

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Erfaringane deltakarane hadde frå sjølve messa og planlegging og påmelding vart diskutert. Det var semje om at det er forbedringspotensiale, og at dagleg leiar skal evaluere korleis kommunane betre skal utnytte arenaen, samt ha ein konstruktiv dialog med næringsforeininga.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 28/25: Uttale frå Sunnmøre regionråd om konkurranseutsetting av transporttenester hurtigbåt
Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Det vart uttrykt støtte til uttalen, som understøttar uttalar enkeltkommunar allereie har levert.

Krogsæter sakna at Hamsundsambandet vart trekt fram, då han frykta at ein i Haram kan verte møtt med at regionrådet ikkje støttar det, då det ikkje eksplisitt er nemnd i uttalen.

Det vart vist til at det i utkastet til uttale refererast til ein tidlegare uttale, som m.a. omhandlar dette sambandet og at det vidare vil handsamast spesifikt når dette sambandet er tema seinare.

Vedtak: Styret vedtek uttalen frå Sunnmøre regionråd om konkurranseutsetting av transporttenester hurtigbåt.

Sak 29/25: Fast orientering frå dagleg leiar

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Sunnmøre soningssenter har vore tema, både gjennom møte med statssekretær frå JD i Ålesund fengsel, og i møte med Geir Inge Lien (SP) på Stortinget.

Regionrådet er invitert inn som deltakar/partnar i ei forskingsprosjekt i regi av Havforskningsinstituttet, som ein arbeider vidare med å finne ut realitetane i.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Eventuelt:

Det vart bestemt at strategiseminar vert frå lunsj til lunsj den 21. og 22. august.

Eige Teams-møte for å innstille i sak om omorganisering og samarbeidsavtale vert klokka 10.00 fredag 30. mai.